**Sluttrapport – Litteratur i gamle hus 2023–2024**

Prosjektnamn: Litteratur i gamle hus

Periode: 2023–2024 Arrangør: Sveio folkebibliotek

Samarbeidspartnarar: Ung Sveio, Sveio Turlag, Helselaget, Kirkens Bymisjon Sveio, Sveio kulturskule, kulturrådgjevar Ellen Tveit m.fl.

Bakgrunn og mål Sveio folkebibliotek ønskte gjennom dette prosjektet å utvikla tenestene våre og nå ut til nye brukargrupper på ein ny og engasjerande måte. Ved å ta i bruk gamle hus og historiske bygg i Sveio kommune som arena for litteraturformidling, kombinerte vi kulturminne og litteratur for å skape unike opplevingar.

**Mål for prosjektet:**

- Nå nye brukarar og auka kjensla av tilhøyrsle til biblioteket.
- Fremje leselyst og litterær samtale.
- Auka livskvalitet gjennom litteratur.
- Skape sosiale møteplassar og motverke einsemd.

Gjennomføring Prosjektet vart gjennomført med totalt 11 arrangement frå våren 2023 til hausten 2024, fordelt på både dagtid og kveldstid. Digitale løysingar og podkastinnspeling fekk me ikkje gjort. Info om alle arrangementa i eiga dokument.

**Arrangementa inkluderte:**

- Shared reading
- Bokbad
- Teater
- Bokformidling og kunstutstilling
- Forfattarbesøk

- Kulturformidling rundt Fartein Valen, heimen, blomane inne og i hagen.
- Formidlingsstund i barnehage
- Poesi og song

**Arrangement:**

| Dato | Tid | Arrangement | Stad | Samarbeidspartnar | Antal deltakarar |
|---|---|---|---|---|---|
| 08.03 | 10:00 | Formidlingsstund | Bua barnehage | | 17 |
| 11.05 | 12:00 | Dikt & Kaffigodt | Gullsjøhuset, Buavåg | Gullforeningen, leiar Mariusz Buryj, Mariusz.Buryj@sveio.kommune.no | 15 |
| 25.09 | 19:00 | Roser og blomar i Farteins hage | Valenheimen | Sveio Hagelag, livsolhov@gmail.com Valenheimen kulturscene, Fartein Valen-Sendstad, valen-sendstad@hotmail.com | 50 |
| 05.10 | 19:00 | Bokbad Agnes Ravatn | Valenheimen | Valenheimen kulturscene | 19 |
| 22.11 | 19:00 | Shared Reading | Førde prestegard | Sveio kyrkje, arild.steinsland@sveiokyrkja.no | 8 |
| 11.03 | 18:00 | Truls Horvei | Øravik grendahus | | 5 |
| 19.04 | 19:00 | Arnfinn Kolerud | Kaien i Førde | Sveio mållag, Ole.Jacob.Ravn.Ottesen@sveio.kommune.no | 24 |
| 26.10 | 12:00 | Bok & Bolle | Valenheimen | Valenheimen kulturscene og Kultur avd. Sveio kommune, pal.josok@sveio.kommune.no | 32 |
| 24.10 | 15:00 | Skattejakt | Valenheimen | Valenheimen kulturscene | 4 |
| 24.10 | 19:00 | Skammens mødre | Valestrand kulturkyrkje | Valestrand kulturkyrkje, arild.steinsland@sveiokyrkja.no | 39 |
| 25.10 | 18:00 | Shared Reading | Valenheimen | Valenheimen kulturscene og Kultur avd. Sveio kommune, | 13 |

**Samarbeid og medverknad**

Prosjektet vart gjennomført i tett samarbeid med lokale frivillige organisasjonar, som har vore avgjerande for å skape liv i arrangementa. Me samarbeidde også med kulturrådgjevar Ellen Tveit og brukte kulturminneboka «Kulturminne i Sveio» (2016) som inspirasjon og bakteppe. Me skisserte fleire samarbeidspartnarar som me var i kontakt med, mne som det viste seg at me ikkje fekk til noko i denne omgangen. Ung Sveio var me lenge i dialog med å ta i bruk eit gamalt bygg i sentrum av Sveio. Der skulle me samarbeida med kulturskulen å ha øvingsseminar. Eigar av huset ønskja ikkje å låna vekk huset, så då stranda det prosjektet. Me har likevel eit øsnkje om noko liknande i framtida med dei to samarbeidspartnarane. Me har klart å tenkt ut eit konsept. No gjeld det berre å finna fleire gamle hus.

**Om dei gamle husa**

**Bua barnehage**




*Figur 1 a,b, Bua – Skulehusa* *Foto: Kristine Thorkildsen*

Info frå Ellen Tveit, e-post 5.6.25: «Begge er bygde som skulebygg. Bua gamle skule (t.v.) er den første skulen på Bua og blei bygd i 1888. Bygd etter standardteikning etter skulelova av 1860. Ferdig desember 1888 (Kjelde: Sverre Halleraker: [Kyrkje, skule og kultur | sverre-halleraker-lokalhistorie.no]. Bygd av byggmeister Ole Olsen Vatne frå Stord, som òg bygde skulen på Vandaskog (den gamle). Nå står den tom og ser ganske herpa ut innvendig, men me prøver å komma i gong med restaurering – av vindauga i første omgang. Utvendig er tilstanden ganske bra etter at Bua Ungdomslag fekk lagt om taket for ein del år sidan. Den «nye» skulen er bygd i 1955 og var i drift som skule fram til 1999. Nokre år før (1996 eller 97?) blei den påbygd i samband med seksårsreforma. Bua Ungdomslag dreiv barnehagen her, hugsar ikkje kor lenge, men den blei overtatt av private for 5 – 10 år sidan og lagt ned i fjor. Nå er det ulike organisasjonar som Bua kvinne- og familielag, Bua Ungdomslag og Buaspeidarane som disponerer huset. Begge skulebygga er eigde av kommunen.»

**Gullsjøhuset, Buavåg**



**Sjøhuset «Sjøtun» i Buavåg (55/12) og miljø knytt til gullutvinning**

*Sjøhus på nesten 150 m$^2$, gullvaskeri, demning bygt i samband med gullvaskinga (i 1887, av Samson Hovda). Gullgruver på Hovda. Sjå eiga omtale s. 96 - 97 Omsynssone i kommuneplanen 2011 – 2023 H570_24, 27 og 28. Ny omsynssone H570_41A og 42A*

*Figur 2 Sjøhuset "Sjøtun" i Buavåg – «Kulturminne i Sveio», Kulturminneplan for Sveio kommune*

**Valenheimen**



**Fartein Valen-heimen(9/8)**

Komponistheimen i Valevåg er eit sentralt kulturminne i Sveio kommune. Huset er bygd i enkel sveitsarstil i 1903 av Arne Valen, som var far til Fartein. Både arkitektur og kulturhistorie blir svært godt ivaretatt av dagens eigar, som er grandnevø til komponisten. Sjå eiga omtale i boka.
Omsynssone H570_6A i kommuneplanen 2011 – 2023. Ny omsynssone H570_11A

*Figur 3 Valenheimen – «Kulturminne i Sveio», Kulturminneplan for Sveio kommune*







*Figur 4 Valenheimen - info om huset.*

*Figur 5 Om Fartein Valen.*

Heimen til komponisten Fartein Valen (1887 – 1952). Huset er bygt i enkel sveitserstil av far til komponisten, Arne Valen, i 1903. Huset blir mellom anna brukt i samband med kulturarrangement, og som feriebustad for komponisten sin familie.

(**[Kulturvern og kulturminne - Sveio kommune]**)

**Førde prestegard**



Hesteskyss utanfor våningshuset på prestegarden på Solheim. Biletet er teke i 1897 og heng på prestegarden. (Ukjend fotograf.)

Figur 6 Førde prestegard. (Sveio prestegjeld | sverre-halleraker-lokalhistorie.no)

**Førde får prestegarden**

I 1870 blei saka endeleg avgjord. Ein kongeleg resolusjon av 26. februar 1870 slår fast at Øklandsgrenda skal slåast saman med Valestrand sokn og bli ein del av Sveio prestegjeld. Den same resolusjonen slår fast at dei to bruka på garden Solheim i Førde skulle kjøpast inn til prestegard for Sveio prestegjeld. Prisen var 1880 spd. Dei to eigarane av Solheim var Halvard Reiersen Solheim og Gunder Tørrisen Solheim. Soknepresten flytta inn i den nye prestegarden hausten 1871. Denne hausten var det prostevisitas i Sveio, og i visitasprotokollen skildrast den nye prestegarden slik: «Gaarden har en udmærket vakker Beliggenhed

med Udsikt over den vakkre Bygd paa den nordlige Kant af samme, er lunt beliggende og har et meget godt Jordsmon.» I kjellaren til våningshuset hadde soknepresten innreia eit stort rom «for gudelige Forsamlingar der rommer omtrændt 200 personer.» Me hugsar at konfirmantane i Vikebygd og Valestrand skulle reise til prestegarden for å få undervisning. Elles skulle dette rommet brukast til forsamlingshus for Førdesbygda sine mange innbyggarar som hadde lang veg til kyrkja i Vikebygd.

(Sveio prestegjeld | sverre-halleraker-lokalhistorie.no)

**Ørevik grendahus**


i bygda, men er no i privat eige. Det blei bygd eigen lærarbustad med eldhus på Erve (Skulejorda, 105/21). Tunet her er godt bevart. Vandaskog fekk ny skule i 1923. Nokre år etter blei det bygt lærarbustad med fjos og eit lite stykke jord. Skulebygget brann ned til grunnen i 2014. Ørevik skule frå 1933 og Sveio gamle skule frå 1937 er godt bevarte døme på skular frå førkrigstida. Ørevik skule er i kommunal eige og fungerer i dag som grendahus, medan gamleskulen på Sveio er seld til private. Her var det lærarbustad i loftsetasjen. Dei fleste skulebygga som framleis er i bruk, er moderniserte i samsvar med dagens krav.

*Prioriterte kulturminne:* Brattestø gamle skule (A), Ørevik skule (B).

*Frå venstre: Ørevik grendahus, Brattestø gamle skule, Skulejorda på Erve. Ørevik skule har fått nytt liv som grendahus.*

*Figur 7 Ørevik grendahus – «Kulturminne i Sveio», Kulturminneplan for Sveio kommune*

**Kaien i Førde**


**Lensmannshuset i Førde**
Herskapleg bustadhus i Førde, bygt av lensmann Styrk Fjærtoft (1893 – 1990), lensmann i Sveio . Huset er stilmessig godt bevart, og er framleis i familien si eige.
Omsynssone H570_71A

*Figur 8 Lensmannshuset i Førde – «Kulturminne i Sveio», Kulturminneplan for Sveio kommune*



*Figur 9 Kaien i Førde  Foto: Facebook: https://www.facebook.com/KaienAS*

**Valestrand kulturkyrkje**





*Figur 10 Forfattar Anita Østerbo og presten Arild Steinsland   Foto: K.Thorkildsen*

*Figur 11 Valestrand kulturkyrkje         Foto: Kristine Thorkildsen*

Valestrand kyrkje er ei langkyrkje i Sveio kommune i Vestland fylke. Ho vart innvigd 15. oktober 1873.

Kyrkja vart oppført i lafteverk i 1872–1873 etter byggmeister Ole Vangberg sine teikningar for Vikebygd kyrkje (1872–1926). Valestrandkyrkja fekk ei lågare tårnhette. På grunn av høgare folketal fekk denne kyrkja òg større dimensjonar. Opphaveleg hadde kyrkja 480 sitjeplassar. I dag har ho mellom 300 og 350. Stilmessig er kyrkja prega av enkel nygotikk og sveitserstil.

Kilde: Valestrand kyrkje – Wikipedia

**Erfaring**

Prosjektet har vore spanande fordi det har føregått over lengre tid. Me følte ein ro over at ting ikkje skulle skje med ein gong og at me fekk tid til å gjere det i vårt tempo.

Det viktigaste med prosjektet er at me har tatt biblioteket ut av Vigdartun kultursenter og ut i kommunen. Samarbeid med andre har vore givande.

For å halde orden på prosjekta byrja me å leggja info inn i eit skjema(sjå vedlegg). Dette har vore eit godt verktøy som me brukar på andre arrangement også.

Å få kome inn i dei gamle husa har vore høgtidleg og fint. Det er ein eiga lukt og stemning. Det er også som at folka også opptrer annleis i gamle hus. Valenheimen er eit hus man går litt forsiktig rundt i. Her er så mange gjenstander og møblar som er gamle og skjøre. Eigaren Fartein Valen-Sendstad er alltid tilstade og roar oss med å sei at huset er til for å brukast. Då slappar me av og nyt å få sitja i dei gamle møblane og setja kaffikoppen frå oss på dei fine borda. Det er som om me går tilbake i tid å kjennar på korleis det er å leva før i tida. På Førde prestegard får me same kjensla og då er det presten Arild Steinsland som ber oss ta oss til rette. Her er møblane meir moderne, fordi det også er heimen til presten og familien til dagleg.

Gullhuset i Buavåg var ein heilt anna oppleving fordi her var det trekkfullt og kaldt. Me visste kva me gjekk til, så publikum og poet/songar hadde kledd seg godt. Her var det sterk lukt av sjø og sjøbulukt. Publikum satt ved rustikke bord og gamle gjenstandar var å sjå overalt. Dei kunne ta turen opp i 2. etasje som var eit museum over gamle fiskeredskap og utstyr til ein gamal butikk.

Ørevik grendahus og Bua Barnehage var to gamle skulehus. Barnehagen hadde modernisert interiøret, men sjølve huset sett utanfrå er slik skulen ofte såg ut før i tida.

Ørevik var også blitt modernisert, men hadde likevel den karakteristiske scena og det store rommet. Dørstokkane er slitt og vitnar om alle dei som har har vore her før oss.

Valestrand kulturkyrkje er ein gamal trekyrkje. Golva er sletne og knakar. Kyrkjeommet luktar gamalt treverk. Trebjelka som illustrera marmor, er berre var malt som om det var marmor. Alle desse detaljane er med på å gje ein fin ramme rundt arrangementet.

Kaien i Førde er ein gamal plass. Me skulle opprinneleg ha det i det gamle politihuset, men fann ut at det ville bli for lite. Me endte opp med å ha det i selskapslokalet «Kaien på Førde». Dette er eit nyare hus, men plassen er gamal.

Det har også vore ein utfordring å ha så mange arrangement over lengre tid. Til eksempel Nasjonalbiblioteket sin logo på plakaten har me gløymt ut på dei siste arrangementa.

Avtalar som me trudde var i boks som intensjonsavtalen med dei som eigde Bentahuset. Me skulle ha Shared Reading der når dei fekk installert toalett. Toalettet kom ikkje og avtalen rann ut i sanden. Då tok me Shared reading i Valenheimen i staden for.

Me fekk ikkje til alt, men me fekk diskutert moglege prosjekt i framtida med fleire samarbeidspartnarar.

Podcastopptak og streaming fekk me ikkje til. Me spurte og nokon sa ja og andre ville ikkje bli streama og vere med på podcast. Me ser i etterkant at det har vore så mykje anna rundt arrangementa at me ikkje klarte å få det til. Me øvde i forkant med kvarandre, men fekk ikkje brukt det. Det betyr at på dette området må me ha sterkare fokus om me skal få det til.

Til å vere eit lite bibliotek med 1 ½ årsverk i Folkebiblioteket synast me at me har fått til mykje. Me får ofte høyra at «Det skjer jo så mykje på biblioteket». Det gjer oss ekstra glad fordi dei fleste arbeidsoppgåvane våre er veldig anonyme. Det at innbyggarane veit at ting skjer på deira bibliotek er med på å byggja opp Sveio kommune sin kulturidentitet. Biblioteket ønskjer sterkt å vere den tredje staden, kor dei møtar menneskjer på tvers av kultur og sosioøkonomiske tilhøyre.

**Resultat og effekt**

- Auka deltaking på biblioteket sine arrangement.
- Positive tilbakemeldingar frå deltakarar
- Nye og varige nettverk med frivillige organisasjonar
- Rammeverk for framtidige prosjekt
- Biblioteket si rolle som kulturell møteplass er styrkt
- Der er ikkje alt me planlegg som me får til.

**Vidare plan**

Vi ønskjer å vidareutvikle dette prosjektet og bruke erfaringane som modell for liknande initiativ. Dette kan inkludere nye lokale, kome igong med digitale format, Kurset «23 digitale ting» og utvida samarbeid.

Takk til alle samarbeidspartnarar, deltakarar og støtteapparat –særskilt Nasjonalbiblioteket – som har gjort dette prosjektet mogleg.


Kjelder:

Ellen Tveit, e-post 5.6.25

*Den gamle skulen* | *sverre-halleraker-lokalhistorie.no*

https://www.facebook.com/KaienAS

«Kulturminne i Sveio», Kulturminneplan for Sveio kommune

Sveio prestegjeld | sverre-halleraker-lokalhistorie.no

**Valestrand kyrkje – Wikipedia**